

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Møtedato	Saksnr
Plan- og miljøutvalet	23.04.2026	028/26

Forskrift om opning av jakt på hjort, minsteareal som grunnlag for fellingsløyve og fellingsavgift for hjort i Øygarden kommune - Høyring

Kort om saka

Den 01.07.2026 trer ny viltressurslov i kraft. Denne lova erstattar den tidlegare viltlova. Som følgje av ny lov er det også behov for å utarbeide ei ny lokal forskrift om opning av jakt på hjort, minsteareal som grunnlag for fellingsløyve og fellingsavgift for hjort i Øygarden kommune. Ny forskrift vil ikkje føre til nokon endring av gjeldande praksis og er berre eit resultat av at tidlegare praksis no må formaliserast gjennom lokal forskrift.

Dokument vedlagt saka

Tittel
presentasjon PMU 23.04.26
Forskrift om opning av jakt og minsteareal som grunnlag for fellingstillatelser på hjort

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

I medhald av forvaltningsloven § 37 godkjenner plan- og miljøutvalet at forslag til forskrift om opning av jakt på hjort, minsteareal som grunnlag for fellingsløyve og fellingsavgift for hjort i Øygarden kommune, vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Saksopplysningar

Ny viltressurslov trer i kraft 01.07.2026. Lova fører vidare dagens ordning, der kommunane fastset forskrift om opning av jakt og om minsteareal. Når den nye lova trer i kraft, må kommunar som ønskjer å fastsetja fellingsavgift per hjort som vert felt, gjera dette gjennom forskrift. Tidlegare har kommunane regulert fellingsavgift på ulike måtar, mellom anna gjennom lokale regulativ, budsjettvedtak eller administrativt oppdaterte satsar.

Det følger av ny viltressurslov § 9 (4) at:

«I kommuner der det er adgang til jakt på elg, hjort eller rådyr, skal kommunen etablere et kommunalt viltfond som har til formål å fremme viltforvaltningen i kommunen. Kommunen kan gi forskrift om fastsetting og innkreving av fellingsavgift for hvert dyr som felles av elg og hjort, innenfor rammer fastsatt av Stortinget. Inntektene fra fellingsavgiftene skal tilfalle det kommunale viltfondet.»

Det følger av viltressurslovas forarbeider at:

«Etter fjerde ledd andre punktum kan kommunen gi forskrift om fastsetting og innkreving av fellingsavgift for hvert dyr som felles av elg og hjort, innenfor rammer vedtatt av Stortinget. Fastsetting og innkreving av avgift gjelder rettigheter eller plikter til et ubestemt antall eller en ubestemt krets av personer. Dette innebærer at kommuner som ønsker å fastsette fellingsavgift, må gjøre dette gjennom forskrift. Maksimalsatsene for fellingsavgiftene fastsettes hvert år i forbindelse med statsbudsjettet. I tredje punktum presiseres det at inntekter fra fellingsavgiftene tilfaller det kommunale viltfondet».

Kommunedirektøren legg difor fram forslag til ny forskrift.

Forslag til ny forskrift:

Forskrift om opning av jakt på hjort, minsteareal som grunnlag for fellingsløyve og fellingsavgift for hjort i Øygarden kommune

Heimel: Fastsett av Øygarden kommunestyre [sett inn dato] med heimel i lov 20. juni 2025 nr. 102 om jakt, fangst og felling av vilt mv., (viltressursloven).

§ 1. Formål

Formålet med forskrifta er å bidra til ei forsvarleg og berekraftig forvaltning av hjorteviltressursane i Øygarden kommune.

§ 2. Opning for jakt på hjort

Jakt på hjort er tillaten i Øygarden kommune, Vestland.

§ 3. Minsteareal

Følgjande grunnlag for fellingsløyve er gjeve i kommunen:

Område	Minsteareal i dekar
Øygarden, med unntak av områda under	800
Fjell midtre, Fjell Søre, Søre Sæle, Breivik/Oen og Skjold/Hatten	400

§ 4. Fellingsavgift for hjort

Fellingsavgifta for hjort vert sett til maksimal sats som Stortinget har fastsett på fellingstidspunktet.

§ 5. Redusert fellingsavgift

Kommunen kan vedta redusert fellingsavgift for ein avgrensa periode, eller dersom særlege omsyn tilseier at ein reduksjon er nødvendig for å ta vare på ei forsvarleg og berekraftig forvaltning av viltressursane.

§ 6. Ikrafttredelse

Denne forskrifta trer i kraft 01.07.2026. Samstundes vert forskrift om forvaltning av hjort, fastsetting av minsteareal, Øygarden kommune, Vestland, Forskrift av 18.02.2021 nr. 550, oppheva.

Kommunedirektøren sin vurdering

Kommunedirektøren presenterar forslag til ny forskrift. Denne forskrifta samlar reglane om opning av jakt, fastsetjing av minsteareal og fellingsavgift. Landbruksdirektoratet har i samband med lovendinga sendt ut eit informasjonsskriv til kommunane, der direktoratet rår til at:

"Landbruksdirektoratet anbefaler at kommunen fastsetter én felles forskrift for åpning av jakt, fastsetting av minsteareal, og for fastsetting av fellingsavgifter. Deretter må forskriften revideres ved behov. Det vil gjøre beslutningene lettere tilgjengelig for både jegere, interesseorganisasjoner og øvrige viltmyndigheter".

Kommunedirektøren sluttar seg til denne vurderinga. Det er ein naturleg samanheng mellom forskriftsføresegnene om opning for jakt, fellingsløyve og fellingsavgift. Samstundes vert heimelsføresegner for forskrifter om fastsetjing av minsteareal og opning av jakt flytta frå dagens forskrift om forvaltning av hjortevilt §§ 5 og 64, gitt med heimel i viltlova §§ 16 og 18, til å gå direkte fram av § 42 i ny viltressurslov. Første ledd i den nye føresegna lyder:

«Innenfor rammene av § 10 er jakt på elg, hjort og rådyr tillatt dersom kommunen har gitt forskrift som åpner for slik jakt. Jakt på elg, hjort eller rådyr krever fellingstillatelse fra kommunen. Kommunen tildeler fellingstillatelse basert på et fastsatt minsteareal».

Frå og med ikraftsetjinga går heimelen til å gi lokale forskrifter om opning av jakt og minsteareal direkte fram av lova. Dette får inga betydning for gyldigheita til forskrifter som kommunane har vedteke med heimel i dagens viltlov. Av § 61 tredje ledd i viltressurslova går det fram at: «Forskrifter gitt i medhald av viltlova gjeld også etter at lova her har trådd i kraft.»

Likevel meiner kommunedirektøren at ei ny forskrift, der føresegnene er samla og heimelsvisingane viser til gjeldande lov, vil vera meir etterretteleg for innbyggjarane som skal forhalda seg til regelverket.

Kommunedirektøren foreslår at den nye forskrifta trer i kraft 01.07.2026, same dag som viltressurslova.

Landbruksdirektoratet kunngjer endringar i fellingsavgift i løpet av våren kvart år. Maksimalsatsane for fellingsavgift for hjort, som Stortinget har vedteke for 2025/2026, er følgjande:

Dyr	Sats
Hjort, voksen	kr. 520,-
Hjort, kalv	kr. 310,-

Inntekter frå fellingsavgifta skal gå til viltfondet og skal brukast til å styrkja viltforvaltinga i kommunen.

Kommunedirektøren rår til at forslag om ny forskrift om opning av jakt på hjort, minsteareal som grunnlag for fellingsløyve og fellingsavgift for hjort vert lagt ut på høyring, jf. fvl. § 37.

Plan- og miljøutvalet 23.04.2026:

Behandling i møtet

Orientering

Mathias Høium Grøgaard orienterte om saka og svarte på spørsmål frå utvalet. Presentasjon er lagt ved saka

Votering

Kommunedirektøren sitt forslag vart samrøystes vedteke

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 23.04.2026 - 028/26

Plan- og miljøutvalet har slik vedtak i saka:

I medhald av forvaltningsloven § 37 godkjenner plan- og miljøutvalet at forslag til forskrift om opning av jakt på hjort, minsteareal som grunnlag for fellingsløyve og fellingsavgift for hjort i Øygarden kommune, vert lagt ut til offentleg ettersyn.